

SMITTEVERNPLAN RAUDT NIVÅ VIKESÅ SKULE

(revidert 05.01.21 basert på oppdatert rettleiar frå myndigheitene)
Tiltaka bygger på statlege retningslinjer for [1.-7](#) og [8.-10.](#) datert 04.01.21
Denne planen er godkjent av smittevernlege Knut Vassbø 05.01.21

Det gjeld 3 hovudreglar for smittevern ved opning av skulen

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen
 2. God hygiene
 3. Redusert kontakt mellom personar
-

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen

Ved sjukdom:

Ein kan koma på skulen om:

- ein er frisk og ingen i husstanden har påvist Covid-19.
- Dersom nokon i husstanden er sjuke (utan påvist Covid-19), men ein ikkje er sjuk sjølv.

Ein skal ikkje koma på skulen om

- ein er sjuk. Då må ein venta til ein er symptomfri
- ein sjølv har påvist Covid-19. Då er du i isolasjon.
- nokon i husstanden har påvist Covid-19. Då er du i karantene.

Når sjukdom oppstår på skulen:

1. Elev skal venta ute eller på tilvist rom (Møterom paviljong) saman med vaksen. Hald 2m avstand viss mogleg. Gje beskjed til reinhald om rommet vert nytta. Det skal vera munnbind og desinfeksjon tilgjengeleg i rommet.
2. Foreldre må komma og henta sjuk elev, eventuelt må ein vaksen frå skulen køyre eleven heim.
3. Om tilsette blir sjuke i løpet av arbeidsdagen skal ein forlate skulen så snart som mogleg.

Barn i risikogruppe:

Sjå rettleiar frå myndighetene

2. God hygiene

Organisering:

- Kvar klasse er ein kohort
- Ein legg til rette for 1m avstand mellom elevar i same kohort
- Kvar kohort har sitt eige baserom
- kohortar kan kun blandast på same trinn, og bare når det er nødvendig for å kunne gjennomføra undervisning. Det skal då vera 2m avstand mellom elevane frå ulike kohortar.
- Ikkje del utstyr.

For elevar

- Vask hender når dei kjem på skulen - ok med sprit dersom dei ikkje har synleg skitne hender.
- ta med pennal om dei har
- Vask hender etter toalettbesøk, kontakt med kroppsvesker eller dyr, før du et, ved bytte av klasserom eller om hendene er synleg skitne.
- Nys i papir eller albuen
- Ha ev. papir tilgjengeleg på pulten til å kunne nyse/hoste i
- Elever vasker pulten sjølv før dei et. Vask med sprit og tørkepapir. Ev. kan vaksne vaska over med klut og såpe
-
- Me deler ikkje utstyr med andre, som bøker, penner, solkrem, skifteklede etc.

For vaksne:

- Tøyleiker, klassebamser m.m. skal ryddast vekk.
- Elevane skal ha fast plass i klasserommet og i ein ev. base utandørs.
- Ikkje legg opp til gruppearbeid der elevane må sitje tett i grupper
- Ikkje bruk lyttekrok
- Elevane skal ha eigne skrivesaker på skulen, anten eige pennal eller korg på plassen sin. Dette inkluderer fargeblyanter.
- Kvar elev skal ha ein digital eining. Denne skal merkast med namn.

3. Redusert kontakt mellom personar

Inndeling i kohortar

Kvar klasse er ein kohort.

- Hald 2m avstand til elever frå andre kohortar, 1m avstand innad i kohort.
- Om utagering oppstår skal ein vaksen leia elev ut, for å unngå unødvendig kontakt med andre. La dei få pause utandørs, og unngå nærkontakt dersom mogleg.

- Personal skal i størst mulig grad halda seg til eitt trinn.
- Dei tilsette som må gå mellom fleire trinn må vera ekstra nøye på regel om avstand og handvask/desinfeksjon.

Timeplan

Klassane held seg til dagens timeplanordning på 1.-10.trinn.

Kohortar på same trinn kan blandast for praktisk gjennomføring av undervisning (valfag, tilvalgsfag og 3-deling) med 2m avstand mellom elevar frå ulike kohortar.

Spesielle omsyn i nokre fag/områder

- **Kroppsøving:** Anbefalt utandørs. Unngå kontaktsport. Elevane skal ikkje dusja på skulen på 1.-7.trinn. Kan ha ekstra t-skjorte med seg og gymsko liggande på skulen.
- **Musikk:** ikkje del instrument. 2m avstand ved song eller bruk av blåseinstrument.
- **Bibliotek:** Kan brukast, men berre ei basegruppe om gongen. Handvask før bruk!
- **Valfag og tilvalgsfag** - samlest i vanlege grupper med sit samla med andre elevar frå sin kohort og med 2m avstand mellom kohortar.

Friminutt:

Ein kohort kan vera saman i friminutt. Det er soneinndeling for å unngå kontaktar mellom kohortar.

- 8.-10.: Ein skal oppfordra til 1 meter avstand mellom kvar elev. Unngå difor leiker som krever kroppskontakt. (Fotball må f.eks. tilpassast, til å gå vekk frå vanleg fotballkamp til å ha ein dabb, straffekonk m.m.)

Området vert delt inn i sju sonar for 1.-7.trinn

Området ute vert delt inn i 3 soner for 8.-10.trinn, og elevane kan også bruka klasserommet i friminutt.

Ein vakt pr. sone.

Oppmøte ved skulestart og etter friminutt:

For elevar:

- dersom du ikkje brukar skuleskyss så ber me om at du ikkje kjem på skulen før kl 8.
- bruker du skuleskyss, så held du deg i sonen ditt trinn har den dagen fram til skulen startar. 8.-10.trinn går rett i klasserommet og sit på sin plass fram til skulestart.
- 9.trinn går inn hovudinngang etter friminutt, 10.trinn branntrepp. 8.trinn stiller opp på tilvist plass og venter til 9.trinn er vekke frå trappa før dei går inn hovudinngang. Vaksen på 8.trinn hentar elevane ute etter friminutt.
- 1.-7.stiller opp ute på tilvist plass.
- alle ytterklede skal oppbevarast på tildelt garderobeplass.

SFO:

- SFO må oppretthalda kohortar frå klassane, som gruppeinndeling undervegs i løpet av SFO-tida. Dvs. at elevar må vera på gruppe med elevar frå same trinn. Elevane kan vera tilstade i same rom, men må ha faste områder innandørs der dei kan leika og ete. Leikene inne må delast mellom gruppene slik at dei ikkje deler på tvers. Ute skal dei halda seg med elevar frå sin kohort.
- Matsservering skjer i kohortgrupper.
- leksehjelp må og delast i kohortar på ulike rom.

Skuleskyss:

I [retteleiinga for smittevern](#) er det og gitt føringer for skuleskyssen.

- Heimen og skulen må saman rettlege elevane i smittevern på buss.
- Alle elevar på 1.-10. som til vanleg tek buss, kan gjer det når skulen opnar att.
- Elevane må halde 1m avstand til kvarandre når dei ventar på buss.
- Ein skal sitte med søsken eller elev frå same kohort.
- Sjøførene kan ikkje hjelpa dei minste med setebeltet. Øv på dette heime.
- Framdøra på bussane er sperra, kun inngang/utgang bak.
- Dei to framste seterekkene i bussene er sperra.
- Sjøførar tørker av alle flater i bussen etter kvar tur.
- Grunna redusert kapasitet er det kun elevar med skyssrett som kan følge bussane så lenge avstandskravet gjeld.

PPT/Logoped/helsesøster:

Følgjer smittevernregler, men er tilbake i ordinær drift frå og med måndag.

Foreldremøte

Alle felles foreldremøter utgår under raudt nivå.

FAU har blitt bedt om å ta kontakt dersom det skulle vera spørsmål frå klassane.